

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO
Norge

Vår sakshandsamar
Merete Støfring/Anja Marie Jahr
+47 95947437

Vår dato
06.05.2024
Dykkar dato

Vår referanse
23/00614-16
Dykkar referanse

Naturskadesaker etter flaum august 2023 - oppfølging

1. Innleiing

Vi viser til den krevjande situasjonen som mange grunneigarar i dei råka flaumområda i august 2023 opplever i desse dagar. I møte og dialog med representantar frå Landbruksdirektoratet er vi mellom anna gjort kjend med at sakshandsamingstida er svært lang, og at det vert gjort eit arbeid med å auke sakshandsamingskapasiteten.

Landbruksdirektoratet har også gjort kjend for oss kvifor grunneigarar opplever ein endra forvaltningspraksis i vedtak som vedkjem gjenoppretting av skada flaumvern og andre sikringstiltak. Dette sett i høve til praksis som var synleggjort i konkrete vedtak før desember 2020.

Norges Bondelag ynskjer dialog med Landbruks- og Matdepartementet kring kva tiltak som kan setjast i verk raskt, for å sikre at skader som ekstremveret «Hans» har påført grunneigarar, vert erstatta og utbetra. Mange opplever i desse dagar å få avslag på søknad om erstatning til reparasjon av flaumvern og skade på vegar. Landbruksdirektoratet gjev i sine vedtak avslag med grunngeving i at det er sikringstiltak (§ 5 siste ledd). Skader som det fram til desember 2020 vart gjeve erstatning for. Det vil seie at det er mange skader som «fell mellom to stolar». Dei blir ikkje dekt av naturskadeordninga og det er ikkje prioritert av NVE. Dette har kome svært overraskande på søkjarar og det set svært mange grunneigarar i ein vanskeleg og utrygg situasjon. Nokon grunneigarar har allereie, i god tru utført arbeid for å gjenopprette skade på flaumvern for så å oppleve at erstatning for dette ikkje fell inn under lova.

Konkret ynskjer vi ein dialog om moglege løysingar som gjer det økonomisk mogleg å utbetre skader, som tidlegare fekk erstatning, men som etter dykkar lovtolking datert 18. desember 2020 (vedlegg 1) fell utanfor gjeldande forvaltningspraksis. Det handlar både om kortsiktige løysingar som vedkjem skadane etter «Hans» og langsiktige løysingar for å møte nye naturhendingar og skader i framtida.

For landbruksareala i dei råka områda er fungerande sikringstiltak heilt avgjerande for produksjon av mat på areala. Difor er det avgjerande å finne konstruktive løysingar som gjer det mogleg å oppfylle formålet i § 1 i lov om erstatning for naturskadar:

«Den statlige erstatningsordningen for naturskader har til formål å yte erstatning etter en naturulykke slik at skadelidte kan fortsette sin virksomhet.»

2. Trong for kortsiktige og raske løysingar

Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse: Landbrukets Hus, Hollendergata 5
Bankkonto: 8101.05. 91392, Org.nr.: 985063001 MVA
bondelaget@bondelaget.no, www.bondelaget.no

Norges Bondelag

Bankkonto: 8101.05.12891
Org.nr: 939678670

- Vi oppmodar departementet til å vurdere ein ny gjennomgang og tolking av ulike sider ved §5 sett i lys av Prop. 80 L (2013-2014).
- Vi oppmodar departementet om å utarbeide ei ny midlertidig forskrift, eventuelt endre eksisterande forskrift om forenkla sakshandsaming etter flaumhendingane hausten 2023, for å sikre økonomi til å føre skadeobjekt etter «Hans» tilbake til same stand som rett før skadetidspunktet. (Vi tenkjer her på flaumvern og andre skadeobjekt som får avslag grunna at dei etter naturskadeerstatningsloven vert definert som sikringstiltak)

3. Trong for langsiktige løysingar

Det må i tråd med Rapport nr 21/2023; Forvaltningsregimet for naturfarer i Norge- statlig fagansvar setjast i verk eit arbeid som varig løyser den konkrete utfordringa som vert peika på i rapporten:

«Prosjektgruppa har merket seg at flomvern mot landbruksarealer verken er dekket over erstatningsordningene for naturskade eller når opp i prioriteringen over NVE sin ordning for bistand til sikringstiltak. Med de klimaendringer vi står overfor vil dette på sikt kunne ha negative konsekvenser for framtidig matproduksjon på store arealer. Dette er en problemstilling som prosjektgruppa mener bør følges opp i et eget arbeid.»

4. Matjordas samfunnsøkonomiske nytte

På grunn av utilstrekkelege midlar til NVE sitt flaum- og skredsikringsarbeid, er direktoratet nøyde til å prioritere kva som skal sikrast. Ifølge rapporten ovanfor nr. 21/2023 er sikringstiltak:

«... primært rettet mot sikring av bebyggelse. NVE prioriterer bistand til sikring basert på samfunnsøkonomisk lønnsomhet. Sikring av landbruksarealer vil derfor bare unntaksvis bli prioritert».

Vi meiner at det er gode grunnar for at matjorda bør prioriterast høgt på denne lista grunngjeve med den samfunnsøkonomiske nytten og betydninga det har å ta vare på denne ressursen.

Saman med auka geopolitisk uro, fører klimaendringane til store konsekvensar for matproduksjonen i verda. Norge må difor ta meir ansvar for sin eigen matproduksjon i framtida. Auka sjølvforsyning er eit politisk vedteke mål. I NOU 2023:17 «Nå er det alvor – rustet for en usikker fremtid» frå Totalberedskapskommisjonen og Riksrevisjonen sitt dokument 3:4 (2023-2024) «Matsikkerhet og beredskap på landbruksområdet» vert det stadig aukande behovet for å sikre Norges matproduksjon og sjølvforsyning, som ein kritisk del av landet sitt beredskapsarbeid, sterkt understreka.

Totalberedskapskommisjonen tilrår: «... å videreføre en restriktiv jordvernpraksis for å sikre nødvendige arealer til matproduksjon, inkludert å vurdere virkemiddelbruk». Ekstremvær og naturkatastrofar truar ikkje berre hus og infrastruktur, men også matjord og dyrka areal. For å sikre landet sitt produksjonsgrunnlag for landbruk og matproduksjon, må tiltak for å hindre at matjorda vert øydelagt som følge av flaum, erosjon, tørke eller ras også prioriterast.

Prioritering av reparasjon og gjenoppretting av sikringstiltak i landbruket vil vere kritisk for Norge sin mattryggleik, men det vil også vere samfunnsøkonomisk svært gunstig. Kvart år deler Landbruks- og matdepartementet og næringa ut mange hundre millionar kroner gjennom tilskotsordningar og utbetalingar for å redusere utslepp av næringsstoff og tap av matjord. Samtidig ser vi at ekstremvær dei siste åra har ført til stort jordtap og enorme partikkelutslepp i fjordsystema. På grunn av klimaendringar forventar ein at slike hendingar vil førekomme oftare, og som følge av dette vil vi oppleve at stadig større mengder matjord går tapt. Løyvingane til

redusert jordarbeiding får liten effekt der matjorda er utsett for flaum, erosjon, tørke og skred. Slike naturhendingane kostar samfunnet dyrt.

Utilstrekkeleg sikring av matjorda har også mange direkte kostnader. For jordbruket gjeld dette eigenandel på oppstått skade og skade som ikkje vert dekkja gjennom offentlege ordningar. For staten gjeld det særleg naturskadeordninga. Ifølge Landbruksdirektoratet er det per 24. april 2024 sendt inn 1996 søknader til naturskadeordninga grunna Hans I og II. Total søknadssum for søknadene knytt til dette ekstremværet åleine er på omlag 700 millionar kroner, der 65% av søknadene omhandlar skade på veg/bru og 20% omhandlar skade på jordbruksareal. I tillegg kjem erstatningsutbetalingane på objekt som let seg forsikre. Sjølv om dette er store summar, har flaumvernet, som no er skada og delvis øydelagt, redusert desse kostnadene betydeleg. Dersom det ikkje vert prioritert midlar til å reparere og gjenopprette desse sikringstiltaka, vil vi sjå vesentleg større øydeleggingar når neste ekstremvær treff – og dermed også større kostnader over mellom anna naturskadeordninga. Det vil difor vere betydeleg meir samfunnsøkonomisk gunstig for Norge å prioritere midlar til førebyggjande sikring *før* ei hending skjer, samanlikna med gjenopprettande tiltak i etterkant.

5. Bakgrunn for at utfordringane og problemstillingane er komne opp

Den 01.01.2017 vart ny erstatningsordning for naturskader innført. I samband med kunnjingeringa av den nye ordninga vart det lagt ut følgjande informasjon frå Landbruksdirektoratet på Statsforvaltar sine sider. Der går det fram at målet med ny ordning er «... å gi et enklere og bedret tilbud til de som blir utsatt for naturskade. Med et nytt elektronisk søknadsskjema forenkler vi prosessen, noe som betyr kortere saksbehandlingstid ...». Det går vidare fram av kunnjingeringa at:

«Dekningsområdet er i hovedsak det samme som i tidligere lov, og skadetyper som dekkes vil også være de samme. Den største endringen fra 1.1.2017 er at det ble innført et elektronisk søknadsskjema hvor det er den enkeltes ansvar å søke om erstatning. Den skadelidte skal også innhente anbud for gjenoppbygging av naturskaden. Å innhente anbud for gjenoppbygging av naturskaden kan gjøres ved å henvende seg til en lokal entreprenør for å få et overslag over kostnader ved å gjenopprette. Den skadelidte kan også kontakte en sertifisert takstmann for å innhente en takst på hva det vil koste å gjenopprette skaden».

Kjelde: [naturskadeerstatningsordningen-2017.pdf \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no/landbruksdirektoratet/ny-erstatningsordning-for-naturskader)

6. Endra forvaltningspraksis – døme før og etter 2020 – same lovverk

Det har i samband med sakshandsaminga etter «Hans» vorte klart at forvaltningspraksis er endra, slik at skader som tidlegare vart erstatta no ikkje vert erstatta. Nedanfor synleggjer vi dette med utdrag frå nokon konkrete saker.

1) Sak i Luster kommune - Vedkjem skade oppstått i oktober 2018 – handsama i mai 2019
Direkte sitat frå svarbrev frå Landbruksdirektoratet:

«... Landbruksdirektoratet legg til grunn at elevløp ikkje har økonomisk bruksverdi. Den økonomiske bruksverdien av elevførebygginga må kunne avledes av det areal som ligg direkte inntil elvekanten og som kan gå tapt ved ny flom. Elveførebygginga verner ca 22 dekar dyrka mark nytta til grasproduksjon. Bruksverdien er oppgjeven til kr 945 per dekar. Bruksverdi for 22 dekar blir kr 20790. Kapitalisert med ei rente på 4% blir tapt bruksverdi for 22 dekar jordbruksareal kr 519750. Landbruksdirektoratet finn difor at det er utbetningskostnaden som skal erstattast jf. Naturskadeerstatningslova §5 første ledd».

- 2) Sak i Luster kommune – Vedkjem skade oppstått i oktober 2018 – handsama i mai 2019 – påklaga og nytt svarbrev i september 2019
I vedtaksbrevet frå september 2019 står det mellom anna:

*«... I klaga kjem det fram at elveførebygginga som blir søkt erstatta er **gjenoppretting** av eksisterande elveførebygging, og ikkje ny elveførebygging. Elveførebygginga sikrar om lag 7 mål dyrka mark. På dette grunnlaget finn Landbruksdirektoratet at gjenopprettingskostnaden står i eit rimeleg forhold til bruken og skal difor erstattast, jamfør naturskadeerstatningslova § 5 fyrste ledd og andre ledd. Førebygginga erstattas med kroner 257.000 ...».*

- 3) Sak i Ringebu kommune- Vekkom flomsikring-Skade oppstått i 2018

«I følgje innsendt anbud fra Ringebu Anleggsdrift as vil gjenoppretting av skadet forbygningsanlegg kost kr 194 620 ekskl. mva. Forbygningsanlegget verner 750 dekar fulldyrka jord. Arealet er fordelt på 10 eiere. Landbruksdirektoratet finner at kostnadene er forholdsmessige sett mot bruken, og at gjenoppretting på forbygningsanlegg derfor skal erstattes, jf. Naturskadeerstatningsloven § 5 første ledd.

Det er vidare søkt dekket kr 102 276 i redningsomkostninger. Landbruksdirektoratet finner å kunne dekke disse kostnadene.»

- 4) Sak i Ringebu søknad sendt 19.09. 2023 – svar 02.04.2024
Avslag på heile søknaden

«... Du søker om å få dekket gjenopprettingskostnaden for skadet flomvern. Flomvern, flomvoll, plastring, elveførebygging o.l. er sikringstiltak. Utgifter til sikringstiltak blir ikke dekket, jf. naturskadeerstatningsloven § 5 femte ledd ...»

Omsøkt gjenopprettingskostnad var kr. 745 000,-, ekskl. mva. Frå søknaden:

«Flom i Gudbrandsdalslågen etter uværet "Hans". Største flom siden 1860. Skade på flomvoll og kanaler, som er en del av flomforbyggingsanlegg bestående av flomvoll, kanaler og pumpeanlegg. Pumpeanlegget er forsikret. Skader på flomvoll i form av brudd og utgraving. Skader på kanaler i form av slam, søppel/ kvist/ trær. Flomvollen ble bygd ut og forsterket vinteren 2023, slik at den skal stå imot 10-20 - års flom. Årets flom var en 150-200 – års flom, og dermed langt over det flomvollen er dimensjonert for, og langt over det som er mulig å forebygge. Flommen ble langt større enn prognosene vi fikk fra NVE bare timer før den var over oss. Flomvoll som er en del av et flomførebyggingsanlegg bestående av flomvoll, kanaler og pumpeanlegg. Mange større og mindre utgravinger og brudd i hele flomvollens lengde på ca 2 km. Anlegget skjermer ca 500 daa fulldyrka jord som brukes til gras og kornproduksjon.»

7. Konsekvensar

Bakgrunn for endra forvaltningspraksis for tilnærma like skader handsama etter same regelverk i 2018/2019 og saker som vert handsama no i 2024 ligg i vedlegg 1: «Svar på anmodning om lovtolkning – naturskadeerstatningsloven § 5»

Denne endra forvaltningspraksisen medfører at erstatning for å gjenopprette sikringstiltak knytt til landbruket si matjord og infrastruktur ikkje lenger får erstatning.

Dette vert også peika på i Rapport nr 21/2023 utgjeven av NVE – *Forvaltningsregimet for naturfarer i Norge – statlig fagansvar*. Dette er ein rapport frå prosjektgruppe der ulike fagdirektorat, inkludert Landbruksdirektoratet har vore representert. På side 44 kan vi lese at:

Fra tidligere tider er det etablert sikringstiltak i form av erosjonssikring eller flomvoller i vassdrag for å forhindre skade på landbruksjord. De fleste av disse sikringstiltakene ble i sin tid finansiert med offentlig støtte. Disse sikringstiltakene er i grunneier sitt eierskap. Gjenoppbygging etter skade på slike anlegg dekkes ikke av den statlige naturskadeerstatningsordningen. NVEs bistandsordning til sikringstiltak er primært rettet mot sikring av bebyggelse. NVE prioriterer bistand til sikring basert på samfunnsøkonomisk lønnsomhet. Sikring av landbruksarealer vil derfor bare unntaksvis bli prioritert. I sum innebærer dette at ingen statlige ordninger i dag gir støtte til gjenoppbygging, reetablering og nybygging av slike sikringstiltak

8. Treng raske avklaringar

Den endra forvaltningspraksisen er dramatisk for dei som er råka. Dersom det er slik at dette er ein følge av lovverket, er det naudsynt å ta initiativ til å endre dette, både slike som raskt kan ha verknad for dei råka etter ekstremveret i august 2023 og langsiktige, permanente løysingar.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Bjørn Gimming

Sigrid Hjørnegård

Vedlegg: *Svar på anmodning om lovtolkning – naturskadeerstatningsloven § 5, datert 18.12.2020*